

Del 5: Avslutning

XII. SAMANDRAG OG KONKLUSJONAR

1) Det er for tida stor interesse for temaet sjølvvalt livsavslutning og andre verdispørsmål som har med liv og død å gjera. Det har dels samanheng med sekulariseringa og den auka pluralismen i samfunnet. Verdiar som før var sjølvsagte, blir kritisk debatterte. Dessutan har den veldige utviklinga av legevitskap og helsetenestetilbod sett mange nye spørsmål på dagsorden. Dette gjeld også ved livets avslutning. Tilbodet av helsehjelp som kan berga eller forlenga livet blir ikkje lenger berre sett på som eit gode. For enkelte framstår det som eit potensielt vonde, som ein vegrar seg mot.

Dette har gitt grobotn til eit krav om sjølvråderett over eiga livsavslutning. Omgrep som eit verdig liv" og ein verdig død" er blitt ideal, som ein vil realisera gjennom personlege val. I samanheng med dette har det også vakse fram ein debatt om aktiv dødshjelp. Skal ein kunna få ein annan til aktivt å avslutta livet for seg? Det har også blitt sett fokus på andre former for sjølvvalt livsavslutning, slik som sjølv-mord og hjelp til det, og næringsvegring i form av å nekta kunstig næringstilførsel eller å lata vera å eta.

Ei sentral problemstilling i dagens debatt er om ein person har *rett til sjølvvalt livsavslutning*. Dette spørsmålet har eg prøvd å analysera og svara på i avhandlinga. Problemstillinga har fleire sider, og eg har skilt mellom tre delproblemstillingar. Det første spørsmålet er om ein person har rett til sjølv å avslutta livet sitt (del 2). Det andre spørsmålet er om ein person har kompetanse til å tillata andre å avslutta livet hans, eller meir generelt om det at livsavslutninga er sjølvvalt gjer andre si hjelp rettmessig (del 3). Det tredje spørsmålet er om ein person har krav på at andre let vera å hindra den sjølvvalte livsavslutninga (del 4).

Den primære målsetjinga med drøftinga har vore å svara på spørsmåla ut frå dagens rettsreglar og gjera greie for desse. Men dagens omfattande verdidebatt og reglane si historiske forankring har også gjort det nødvendig å sjå problemstillinga i eit rettshistorisk perspektiv. På enkelte punkt har eg også drøfta spørsmåla i eit rettspolitisk perspektiv. Ved drøftinga av gjeldande rett har det dessutan vore nyttig å samanlikna med rettsstilstanden i andre land.

2) Spørsmålet om ein person har rett til *sjølv å avslutta livet sitt* har stadig vore drøfta innan religion og filosofi. Rettsreglane om dette i tidlegare tider avspeglar varierende haldningar til sjølvvalt livsavslutning. Ein *rettshistorisk* innfallsvinkel gir difor ein nyttig bakgrunn for dagens debatt (kapittel II). I romarretten gjaldt ikkje noko generelt forbod mot sjølv-mord. Berre sjølv-mordsforsøk mellom soldatar vart straffa, for å halda oppe disiplinen i forsvaret. I den eldste norske lovgivinga var sjølv-mord derimot rekna som eit alvorleg brotsverk (ubotamål). Den norrøne lovgivinga hadde kristendomen som eit uttrykt ideologisk grunnlag. Sidan sjølv-mord vart sett på som eit brot på bodet om ikkje å slå i hel, vart det rekna som ei krenking av rettsordninga sitt fundament. Dei viktigaste sanksjonane var nekting av gravlegging i innvigd jord og inndraging av formuen.

Den rasjonalistiske naturrettslæra og opplysningstida medførte eit omskifte i reguleringa av sjølv-mord. Ein trekte eit skilje mellom rett og moral. Då var det ikkje lenger sjølvsagt at sjølv-mord skulle straffast, jamvel om det var ei umoralsk handling. Dessutan vaks det i opplysningstida fram ein sterk kritikk mot harde straffer og ein ukritisk bruk av straff. Dette førte til at dei rettslege sanksjonane mot sjølv-mord og sjølv-mordsforsøk i Europa gradvis fall bort, frå midten av 1700-talet og utetter. I Noreg vart inndragingsstraffa oppheva i 1814 med Grunnlova § 104, ut frå den tanken at straff må råka gjerningsmannen personleg, og ikkje

berre familien. Gravferdsrestriksjonane fall også gradvis bort. I førearbeida til kriminallova (1842) vart straff for sjølvmondsforsøk avvist med at det ikkje ville ha nokon avskrekkande verknad, men tvert om kunne verka mot sin hensikt.

Det er likevel ikkje utan vidare lett å svara på om ein person etter gjeldande rettsreglar har rett til sjølv å avslutta livet sitt. Enkelte hevdar at det er ein rett for individet, jamvel ein menneskerett. Men i den juridiske teorien har det tildels blitt hevda at sjølvord er rettsstridig. Det har difor vore nødvendig å analysere denne problemstillinga nærare (kapittel III). Eg har skilt mellom tre former for normering. Å avslutta eige liv kan vera positivt tillate, forbode eller ingen av delene (unormert).

Vi har i dag ingen lovreglar som råkar sjølvord eller andre former for sjølvvalt livsavslutning, anna enn der sjølv framgangsmåten medfører direkte fare eller skade for andre. Eit *forbod* (rettsstrid) må difor eventuelt utleiast av ulovfesta rett. Dette har gjort det nødvendig å diskutera nærare på kva grunnlag eit ulovfesta forbod eventuelt kan konstaterast. Her har eg teke opp klassiske synspunkt frå rettshistoria. Ein kan tenkja seg eit ulovfesta forbod bygt på anten at handlemåten krenkjer eigne interesser, andre sine interesser eller allmenne interesser. Fordi retten (etter skiljet mellom rett og moral) har ein intersubjektiv karakter, gir ei eventuell krenking av eigne interesser ikkje noko grunnlag for å seia at det er rettsstridig å avslutta eige liv. Heller ikkje krenkjer handlemåten vanlegvis andre sine interesser på ein så direkte måte at det gir grunnlag for ein slik konklusjon. Dersom handlemåten blir rekna som rettsstridig fordi han krenkjer allmenne interesser, vil det innebera ei plikt til å leva overfor staten. Ein slik synsmåte strir mot det moderne synet på forholdet mellom individ og stat. På denne bakgrunnen har eg kome til at ein person har *rett* til å avslutta eige liv, i den tydinga at handlemåten *ikkje er forboden*.

Eit anna spørsmål er om den enkelte har *ein rett* til å avslutta livet sitt, i den tydinga at handlemåten er *positivt tillaten*. Det er berre *menneskerettane* som er aktuelle som rettsleg grunnlag for ei slik tillating. Emnet har difor gjort det nødvendig med ei nærare drøfting av menneskerettane. Enkelte hevdar at retten til liv inneber ein rett til å råda over" livet sitt, på liknande måte som eigaren kan råda over ein ting. Ut frå ei slik tolking ville det også vera ein menneskerett å avslutta livet sitt. Men menneskerettane gir ikkje grunnlag for ei slik tolking. Staten vil i tilfelle få ei plikt til å verna om retten til å avslutta livet sitt. Det står i klar motstrid med menneskerettane sin idé og den grunnleggjande funksjonen som vernet om livet har for fellesskapet. Retten til liv er ein uavhendeleg rett til" livet, som gir staten og andre ei ugjenkalleleg plikt til å respektera og tildels også verna om den enkelte sitt liv.

Heller ikkje retten til respekt for privatlivet gir den enkelte ein rett til å velja døden. Det vil ikkje vera ei verkeleggjering av personlegdomen, slik denne og andre menneskerettar skal gi rom for, men ei utsletting av personlegdomen. Likevel må retten til respekt for privatlivet tolkast slik at han i utgangspunktet gir ein rett til å vegra seg mot helsehjelp og nekta næringstilførsel frå andre si side, jamvel om det kan vera livstruande. Då er det ikkje valet av døden som blir verna, men privatlivets integritet og autonomi. I noko grad kan også nekting av medisinsk behandling og næringstilførsel bli verna av forbodet mot umenneskeleg behandling og av religions- og samvitsfridomen.

Konklusjonen vert at det vanlegvis korkje er forbode eller positivt tillate å avslutta eige liv. Personen sin eigen handlemåte er *unormert*.

3) I dagens debatt om aktiv dødshjelp blir det stundom hevda at den enkelte har ein rett til å få *hjelp frå andre* til å avslutta livet sitt. Ein hevdar likevel ikkje at nokon har krav på slik hjelp, slik at andre har ei plikt til å drepa. Spørsmålet er om ein person har eller bør ha ein rett til å få *frivillig* hjelp av andre til å ta livet hans eller medverka til det.

Også denne problemstillinga har det vore nyttig å sjå i eit *rettshistorisk* perspektiv (kapittel II). Det er noko uklart i kva grad drap av samtykkande og medverking til sjølv mord var straffbart etter romarretten. Men romarretten viser at ein ikkje kan dra noko eintydig slutning frå haldninga til sjølv mord og til spørsmålet om andre hadde rett til å hjelpa til med sjølvvalt livsavslutning. Setninga *volenti non fit injuria*” (den som samtykker lid ikkje urett) gjaldt ikke generelt. I den norrøne lovgivinga hadde strafferetten opprinneleg karakter av privathemn. Men etter kvart som strafferetten fekk eit meir offentlegrettsleg preg, er det klart at også hjelp til sjølvvalt livsavslutning måtte reknast som forbode og straffbart. Det følgde både av forbodet mot drap og forbodet mot sjølv mord.

På same måten som i andre europeiske land fekk vi først ei særregulering av hjelp til sjølvvalt livsavslutning etter at strafflegginga av sjølv mord og sjølv mordsforsøk var falle bort. Då var det blitt vanleg å kodifisera strafferetten i eigne straffelover, med dei nye krava til konsekvens og systematikk som det førte med seg. Dessutan var det større behov for å regulera andre si hjelp eksplisitt etter at sjølv mordsforbodet fall bort. Medverkingsansvar vart vanlegvis rekna for å føresetja ei straffbar hovudhandling. Når ein i kriminallova ikkje gav nokon særregel for medverking til sjølv mord, fekk det difor den utilsikta konsekvensen at slik medverking vart rekna som straffri. Det same gjaldt i enkelte andre land. I Noreg vart denne mangelen avhjelp med straffelova av 1902. Då fekk vi ein særkilt strafferegulering mot medverking til sjølv mord (§ 236). Samtidig fekk vi ein formildande særregel for drap av ein samtykkande (§ 235 andre ledd).

Som bakgrunn for tolkinga av reglane, og som bakgrunn for den rettspolitiske debatten, har det vore nødvendig å analysa *grunngevinga for reglane* nærare. I førearbeida til straffelova blir reglane grunngitte med at livet er eit uavhendeleg gode (kapittel IV). Dette prinsippet har røter tilbake til den rasjonalistiske naturretten (Grotius, Locke m fl). Opprinneleg var det formulert slik at det var retten til liv som var uavhendeleg, slik også menneskerettane i dag blir tolka. Det inneber at den enkelte ikkje kan gi avkall på retten til liv. Staten og andre si plikt til å respektera og verna om personen sitt liv står i prinsippet ved lag jamvel om personen sjølv ønskjer å avslutta det. Når lovgivaren valde å byggja på prinsippet om uavhendelegdom, hadde det dels ei plikt-etisk grunngeving (forbod mot å ta liv). Dels gjorde også meir konsekvens-orienterte vurderingar seg gjeldande, særleg ved grunngevinga av forbodet mot medverking til sjølv mord. Lovgivaren rekna eit forbod mot å gi hjelp til sjølvvalt livsavslutning som viktig for å halda oppe den allmenne respekten for livet.

Ved drøftinga av innhaldet i drapsforbodet (kapittel V) har emnet avdekka eit behov for å skilja klarare enn det som har vore vanleg mellom kravet om årsakssamanheng og den nærare normative avgrensinga av kva handlingar som medfører drapsansvar. Det har gjort det nødvendig å presisera innhaldet i *årsakskravet* nærare. Årsakskravet blir tolka som eit krav om ein lovmessig samanheng i den faktiske hendingsgangen, og rekk forholdsvis vidt. Dermed har det også blitt viktig å klargjera etter kva prinsipp den nærare *normative avgrensinga* av ansvaret skal skje. Det har aktualisert dei juridiske diskusjonane omkring adekvans og rettsstrid. Også dei nærare krava til eit straffeformildande samtykke er blitt gjennomgått. Det kan ikkje stillast like strenge krav til samtykket som om det hadde vore ein straffridomsgrunn.

Dei verdikonfliktane som gjer seg gjeldande ved sjølvvalt livsavslutning, har også gjort det nødvendig å analysa *nødrettsregelen* nærare. Eit aktuelt spørsmål er om nødrett i kombinasjon med personen sitt samtykke i visse tilfelle kan medføra straffridom i drapstilfelle. Ein slik bruk av nødrett har dei nederlandske domstolane opna for, der offeret er i ein tilstand av såkalla uuthaldeleg lidning”. Men ei slik løysing vil stå i klar motstrid med den norske straffelova og lovgivarviljen. Både samtykke og medkjensle med ein håplaut sjuk person er formildande grunnar etter § 235 andre ledd, men ikkje frifinningsgrunnar. Ein slik bruk av

nødrettsregelen ville dessutan påtvinga domstolane ei avveging mellom liv og død som ligg utanfor dommarane sin kompetanse. Derimot kan nødrettsregelen nyttast i enkelte tilfelle av smertebehandling som medfører ein fare for forkorting av personen sitt liv. Ei slik handling tilgodeser helsa, og der personen berre har kort tid igjen å leva, kan omsynet til helsa (smertelindring) vega tyngre enn omsynet til livslengde.

Strafferegelene mot medverking til sjølv mord har ein særskilt karakter, sidan berre medverkinga er straffbar, og ikkje hovudhandlinga. Dette reiser ei rekkje særskilte tolkingsspørsmål som i liten grad har blitt drøfta i den juridiske teorien (kapittel VI). Medverkingsansvaret føreset ei bestemt hovudhandling, som § 236 skildrar nærare (berøver sig selv Livet”). Ved drøftinga av krava til sjølv mordshandlinga har det vore naturleg å samanlikna med krava til ei drapshandling, jamvel om det her ikkje er tale om ansvar for sjølv mordaren men for medverkaren. Det har også vore nødvendig å drøfta om ein må stilla visse subjektive krav til sjølv mordaren, noko eg har kome til at ein må. Dette har også innverknad på tolkinga av drapsregelen. Der sjølv mordaren ikkje oppfyller dei subjektive minstekrava, kan hjelparen straffast for drap, som såkalla middelbar gjerningsmann. Det må også trekkjast ei objektiv grense mellom drap (eventuelt av ein samtykkande) og medverking til sjølv mord.

Sidan det er medverkinga som er straffbar og ikkje hovudhandlinga, har det også vore nødvendig å gå inn på ei nærare drøfting av *medverkingsansvaret*. Også her har eg skilt mellom grunnkravet om årsakssamanheng og den nærare normative avgrensinga av ansvaret. Men årsakskravet har eit noko anna innhald ved psykisk medverking enn elles, fordi ein person si avgjerd ikkje blir styrt av same slag lovmessige prinsipp som hendingar i den ytre verda. Alle former for medverking er straffbare etter § 236, både fysisk og psykisk medverking. Dessutan råkar strl. § 140 den som offentleg oppmodar til, forherliger” eller tilbyr hjelp til utføringa av sjølv mord. Spørsmålet om straffridom på grunn av nødrett har eg vurdert på same måten ved medverking til sjølv mord som ved drap av ein samtykkande. Strl. §§ 235 og 236 viser klart at andre si hjelp ikkje blir rettmessig fordi om livsavslutninga er sjølvvalt. Ein person har etter gjeldande rett *ikkje* ein rett i tydinga *kompetanse* til å tillata andre å ta livet av han eller medverka til det.

I eit *rettspolitisk* perspektiv kan ein spørja om personen *bør* ha ein slik rett (kapittel VII). Spørsmålet blir for tida drøfta i alle vestlege land. Også i den norske debatten har enkelte teke til orde for ei legalisering av drap av ein samtykkande og medverking til sjølv mord. Eit lovforslag om oppheving av forbodet mot medverking til sjølv mord er sett fram av tre juridiske professorar. Dei føreslår samtidig at domstolane skal ha høve til å lata all straff falla bort der eit drap har skjedd etter oppmoding frå personen sjølv.

Dei to hovudargumenta for ei heil eller delvis legalisering er omsynet til å hindra liding og omsynet til sjølv råderetten. Eg har forsøkt å analysera det nærare innhaldet i desse argumenta. Det viser seg at argumentet med sjølv råderett ikkje åleine kan grunnegi ei slik legalisering. Ein kan ikkje trekkja noko direkte slutning frå personen sin sjølv råderett og til andre sin rett til å drepa. Den primære grunngevinga synest å vera omsynet til å hindra liding.

I dagens samfunn er det ikkje alltid mogeleg å drøfta rettspolitiske spørsmål ut frå ei felles etisk plattform. Dette gjer diskusjonen om kva *konsekvensar* ulike slag lovforslag vil ha, desto viktigare. Eg har forsøkt å analysera nærare kva *konsekvensar* det vil kunna medføra å byggja ei framtidig lovgiving om hjelp til sjølvvalt livsavslutning på premissane om sjølv råderett og å hindra liding. Mi vurdering er at det vil medføra eller opna for ei relativisering av menneskeverdet. Lovgivaren og/eller dei som skal praktisera og handheva lova vil måtta skilja mellom (samtykkande) personar som skal kunna få hjelp til å avslutta livet sitt og (samtykkande) personar som ein meiner ikkje bør få det. Høvet til å be om å bli drepen vil

dessutan kunna medføra ei uheldig endring av den sosiale rolla til personar som får dette valet. Legerolla vil også få eit anna og meir tvetydig innhald. Når hovudmålet er å hindra liding, synest det også å vera ein reell fare for ei utgliding i retning av drap av ikkje-samtykkande, noko utviklinga i Nederland stadfestar. Ei legalisering av drap av ein samtykkande og i noko grad også ei legalisering av medverking til sjølv-mord vil dessutan kunna koma i konflikt med staten si plikt til å verna om livet etter *menneskerettane*.

På denne bakgrunnen blir ei kvar legalisering avvist, også det nyleg framsette professor-forslaget. Gjeldande reglar er å føretrekkja, fordi dei byggjer klart på prinsippet om at menneskelivet er ukrenkeleg og at alle har same menneskeverd. Likevel kan det ved ein framtidig revisjon av straffelova vera grunn til å sjå nærare på detalj-utforminga av reglane og vurderer strafferamma på nytt.

4) Som følgje av ei redsle for kva medisinsk behandling kan medføra for ein persons liv og livsavslutning, har det vakse fram eit klart og sterkt krav om rett til å nekta medisinsk behandling. Ein rett til å svelta seg i hel blir også stundom hevda, av sveltetreikarar og andre. Somme krev også at ein må få lov til å ta livet sitt uforstyrra av andre.

Ved rettslege drøftingar av om andre kan *gripa inn* i slike tilfelle, har det ofte blitt trekt slutningar frå straffelova si regulering av hjelp til sjølvvalt livsavslutning. Men om andre kan gripa hindrande inn er ei anna problemstilling enn om dei kan yta hjelp. Det har difor vore nødvendig å analysere nærare likskapar og skilnader mellom dei to spørsmåla. Omsynet til livet blir aktualisert i begge tilfelle. Men rettsordninga legg tradisjonelt ikkje like tunge plikter på den enkelte til å berga liv som ho klart forbyr å ta liv. Dessutan aktualiserer ei hindring av sjølvvalt livsavslutning også andre viktige verdiar, som den fysiske integriteten og autonomien.

Denne *verdikonflikten* kjem klar fram når ein ser nærare på kva reglar som regulerer om andre skal kunna gripa hindrande inn (kapittel VIII). På den eine sida har ein reglar som vernar om den fysiske integriteten og autonomien. Dei tilseier eit forbod mot å gripa inn. På den andre sida har ein ulike hjelpeplikter til vern om liv og helse. Dei talar for ei plikt til å gripa inn. I tillegg har ein på nokre område lovfesta inngrepsheimlar. Visse straffridomsgrunnar er dessutan aktuelle som unntak frå forboda mot krenkingar av den fysiske integriteten og autonomien. For drøftinga av desse rettsspørsmåla er det avgjerande viktig å klargjera korleis konflikten mellom dei ulike regelsetta skal løysast. Dette synest å vera eit uavklara spørsmål i mange rettslege diskusjonar om emnet. Eg har kome til at regelkonflikten prinsipielt må løysast ved ei nærare tolking av dei reglane som heimlar ein inngrepsrett og som gjer unntak frå forbodsreglane. Den mest aktuelle inngrepsheimelen er nødrettsregelen, som dermed spelar ei nøkkelrolle. Berre der det på anna grunnlag ligg føre ein inngrepsrett, blir det spørsmål om hjelpepliktreglane medfører ei plikt til å gripa hindrande inn mot livsavslutninga.

Hindring av *sjølv-mord* (kapittel IX) er aktuelt både ved ein generell sjølv-mordsfare og der eit konkret sjølv-mordsforsøk er under førebuing eller iverksetjing. Ligg det berre føre ein generell fare for sjølv-mordsforsøk, må ei effektiv hindring i det minste omfatta ei tvungen innlegging i institusjon. Det er eit omfattande inngrep i personen sin autonomi. Etter gjeldande rett er det berre høve til denne typen førebygging av sjølv-mord der personen har ein alvorlig sinnslidelse" eller det er mistanke om det. Då er det lovheimel for å ta personen under tvunge psykisk helsevern. I noko grad er det også heimel for tvangsbehandling og bruk av tvangsmiddel under institusjonsopphaldet. Det som grunngir ein særskilt inngrepsrett i desse tilfella er den realitetsbresten som ein alvorleg sinnslidande har. I slike tilfelle der personen ikkje er i stand til å ta fullt ut frivillige og rasjonelle avgjerder, gjer det seg gjeldande ei særleg allmenn interesse i å verna personen mot seg sjølv.

Der eit konkret sjølvmondsforsøk er under førebuing eller iverksetjing, må andre sin inngrepsrett hovudsakleg vurderast ut frå nødrettsregelen. Omsynet til den lekamlege integriteten og autonomien må vegast mot omsynet til livet. Vanlegvis vil inngrepet i personen sin lekam og fridom vera forholdsvis avgrensa både i omfang og tid. Då gjeld det ein inngrepsrett for andre. Det er eit uttrykk for medmenneskeleg solidaritet å markera respekten for livet i slike tilfelle, og det bør ikkje rettsordninga stå i vegen for. Dessutan gjer det seg gjeldande ei særleg allmenn interesse i å hindra sjølvmond. Der personen er i overhængende og øiensynlig Livsfare” har einkvar også ei plikt til å gripa inn etter strl. § 387 nr. 1. Denne plikta gjeld etter mitt syn også der sjølvmondsavgjerda unntaksvis synest å vera fri for kvalitetsmanglar. Men føresetnaden for den allmenne hjelpeplikta er at ein kan gripa inn utan særleg fare eller oppofring for ein sjølv eller andre. For visse grupper av personar, slik som for politi, legar, familiemedlemer og andre som har eit særleg omsorgsansvar for sjølvmondskandidaten, gjeld meir vidtgåande hjelpeplikter etter andre reglar.

Ved sjølvmondsforsøk er det berre krenkinga av integritet og autonomi ved sjølv inngrepet som talar mot at andre skal kunna gripa inn. Valet av døden nyt ikkje noko rettsleg vern. Også ved *livstruande helsehjelpsvegring* (kapittel X) vil sjølv inngrepet (tvangsbehandlinga) krenkja den fysiske integriteten og autonomien. Men i tillegg kan valet mellom behandling og ikkje-behandling ha mykje å seia for personen sitt framtidige *liv*. Dette gjer at (menneske)retten til respekt for privatlivet kjem inn med tyngde. Det har difor vore nødvendig med ein nærare analyse av kor tungtvegande omsynet til integriteten og autonomien er ved ulike former for helsehjelpsvegring. Her har rettstilstanden i enkelte andre land gitt nyttig rettleiing. På bakgrunn av sontringar i amerikansk rettspraksis har eg også analysert nærare kva slag allmenne interesser som gjer seg gjeldande til fordel for å gripa inn mot helsehjelpsvegringa av omsyn til livet. Dessutan har eg drøfta kva særlege omsyn som kjem inn der det er kvalitetsmanglar ved nektinga av behandling.

Ein slik generell analyse av dei motstridande omsyna og interessene utgjer ein analysereiskap for ei nærare drøfting av ulike slag helsehjelpsvegring. Eg har gått inn på ulike typetilfelle for å eksemplifisera dette. Retten til å gripa inn er drøfta ut frå nødrettsregelen, og der det gjeld ein inngrepsrett, har også ulike hjelpepliktreglar blitt drøfta. Der dødeleg sjuke og døyande nektar livsforlengande behandling, talar omsynet til integriteten og autonomien klart for å respektera nektinga. Det same gjeld ved operasjonar og andre omfattande lekamsinngrep. På den andre sida kan den særlege allmenne interessa i å hindra sjølvmond koma inn i visse tilfelle. Først og fremst gjeld det der ein person nektar behandling etter eit sjølvmondsforsøk. Men også ei nekting av mindre, enkeltstående behandlingstiltak kan stundom ha ein sjølvmondsliknande karakter. Då gjeld det både ein rett og truleg også ei viss plikt til å gripa inn. Elles er ei inngrepsplikt mest aktuell der behandlingsnektinga lid av kvalitetsmanglar. Ei aktuell form for helsehjelpsvegring som eg har funne grunn til å drøfta særskilt, er Jehovas vitne som nektar blodoverføring. I desse sakene har styresmaktene lagt til grunn lovtolkingar som det er grunn til å stilla spørsmål ved. Omsynet til religionsfridomen må her vega tungt. Ei frivillig og gjennomtenkt nekting av blodoverføring må respekterast.

Ved drøftinga av *livstruande næringsvegring* (kapittel XI) har eg gjort nytte av det same analyseapparatet som ved helsehjelpsvegring. Retten til å gripa inn må normalt vurderast ut frå nødrettsregelen. Ein må føreta ei konkret avveging mellom omsynet til livet og omsynet til personen sin integritet og autonomi. Ulike typetilfelle er drøfta nærare. Kunstig næringstilførsel til dødeleg sjuke må vurderast på line med medisinsk behandling til slike personar. Ei nekting av næringstilførsel (utan kvalitetsmanglar) må i slike tilfelle respekterast. Ein heilt annan type tilfelle utgjer personar som lid av sjukdomen anorexia nervosa (spisevegring). Eit spørsmål er om dei oppfyller vilkåra for tvangsinnlegging etter lov om

psyksisk helsevern. Det kan førekoma. Eit anna spørsmål er om ein kan gripa inn med tvungen næringstilførsel. Det må løysast etter nødrettsregelen. Sidan sjukdomen medfører ein realitetsbrest når det gjeld behovet for mat, talar allmenne omsyn her klart for ein viss rett til tvangsforing.

Sveltestreik reiser heilt andre problem. Innanfor fengsla gjer særskilte reglar og særskilte omsyn seg gjeldande, som tilseier ein inngrepsrett og ei viss inngrepsplikt. Ved sveltestreik utanfor fengsel er spørsmålet om tvungen næringstilførsel vanskelegare. Også her er det nødvendig å føreta ein nærare analyse av dei motstridande omsyna. Det uttrykte motivet for sveltestreiken må etter mitt syn tilleggast vekt. Der sveltestreikaren prøver å tilkjempa seg eller andre noko som dei ikkje har krav på etter rettsordninga, nyttar han autonomien sin på ein måte som ikkje gir krav på respekt. I slike tilfelle kan det difor vera nødrettsheimel for tvungen næringstilførsel. Noko inngrepsplikt gjeld derimot neppe, før personen eventuelt blir medvitlaus eller det oppstår andre kvalitetsmanglar ved nektinga av næringstilførsel.

Drøftinga av hindring av sjølvvalt livsavslutning har vist at ein person eit stykke på veg har *krav på* at andre let vera å hindra det valet som personen har gjort. Særleg gjeld dette ved livstruande helsehjelpsvegring og nekting av kunstig næringstilførsel. Det er i desse tilfella likevel ikkje valet av døden som blir respektert, men retten til å ta avgjerder som vedkjem livet.

5) Som oppsummeringa viser har det i eit historisk perspektiv skjedd ei markert endring i den rettslege reguleringa av sjølvvalt livsavslutning. I eldre tid var det først og fremst personen sin *eigen* handlemåte som var særskilt regulert. I dag ligg hovudvekta i staden på reguleringa av korleis *andre* skal og kan forholde seg til han. Dette har samanheng med ei endring i synet på retten. Det er ikkje lenger naturleg å regulera personen sin eigen handlemåte, sidan handlinga primært rettar seg mot personen sjølv. Men det betyr ikkje at rettsordninga stiller seg indifferent til om ein person avsluttar livet sitt eller ikkje. Vernet om livet er grunnleggjande for ei kvar rettsordning. Det kjem til uttrykk gjennom reguleringa av korleis andre kan og skal handla i høve til den som vel livsavslutning framfor fortsatt liv. Andre skal ikkje ta personen sitt liv eller medverka til det. Andre kan og bør i utgangspunktet også forsøka å berga personen sitt liv. Men ein kan ikkje gå til hindringstiltak som inneber eit uforholdsmessig inngrep i personen sin fysiske integritet og autonomi.

Samanfattar vi hovudkonklusjonane i avhandlinga, kan ein seia at ein person har "rett til sjølvvalt livsavslutning" i den aller snevraste tydinga av dette omgrepet: Det er ikkje forbode for personen *sjølv* å avslutta livet sitt. Men rettsordninga gir ingen positivt verna rett til å velja døden, berre til å ta avgjerder som har stor betydning for (privat)livet. Individet har heller ingen *kompetanse* til å tillata andre å ta livet av ein. I noko grad har ein derimot eit *krav* på at andre let vera å gripa hindrande inn mot ulike former for sjølvvalt livsavslutning. Men det kan ikkje tolkast som ein spesifikk rett til livsavslutning. Det vernet mot uforholdsmessige inngrep frå andre som personen her har, skuldast rettsordninga sitt vern om den fysiske integriteten og autonomien. *Nokon positiv rett til å avslutta livet sitt gjeld difor ikkje etter norsk rett, berre ein rett til å leva.*